
Saksnr: 2019/13-10
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		02.03.2021
Fylkestinget		09.03.2021

Arbeidsutval - utvida mandat til å vurdere regulering av partistøtte

Forslag til innstilling

1. Arbeidsutvalet sitt mandat vert utvida til å vurdere endringar kring regulering av partistøtte.

Samandrag

Arbeidsutvalet som er sett ned for å kome med forslag til endringar til reglement som gjeld for dei folkevalde, har i møte bede fylkesrådmannen om å løfte sak om utvida mandat. Utvalet foreslår at regulering av partistøtte vert ein del deira arbeidsområde.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Fordelingsnøkkel for partistøtte i Vestland fylkeskommune
- 2 Protokoll frå sak om fordelingsnøkkel partistøtte

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I fylkestinget september 2020 vart det i sak PS 111/2020 Reglement for folkevalde organ og delegering fatta slikt vedtakspunkt 3:

«Fylkestinget ber utvalet beståande av:

- Tor Andre Ljosland (leiar)
- Aleksander Øren Heen
- Silja Ekeland Bjørkly

halde fram arbeidet med følgjande mandat:

Utvalet skal leggje fram forslag til revidert reglement for folkevalde organ og delegering, forskrift om økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde og etisk regelverk.»

Vedtakskompetanse

Fylkestinget vedtek mandat for utval oppretta av fylkestinget, jf. kommunelova § 5-7.

Vurderingar og verknader

I arbeidsutvalet sitt møte 27. januar vart drøfta gjeldande regulering av partistøtte i fylkeskommunen. Det ligg utanfor arbeidsutvalet sitt mandat å foreslå endringar på dette område.

Arbeidsutvalet har bede fylkesrådmannen om å løfte sak om utvida mandat til avgjerd i fylkestinget. Fylkesrådmannen presiserer at det ikkje er tale om å gi arbeidsutvalet noko vedtaksmynde.

Fylkesrådmannen viser til sak PS 19/20 Fordelingsnøkkel for partistøtte i Vestland fylkeskommune, der gjeldande ordning vart vedteke.

Konklusjon

Arbeidsutvalet, med mandat å vurdere nærmare spesifiserte reglement som vedkjem dei folkevalde, har bede om at mandatet vert utvida til òg å gjelde regulering av partistøtte. Fylkesrådmannen legg med dette fram slik sak.